

Hordaland fylkeskommune,
regionalavdelinga
PB 7900
5020 Bergen

Att.: Tale Halsør

Bergen 12.12.2016

SLUTTRAPPORT SCIENCE MEETS INDUSTRY BERGEN 2016

Science Meets Industry 2016 (SMI 2016) vart arrangert som planlagt på Grand Hotel Terminus, Bergen, 8. november. Programmet ligg ved rapporten.

Programmet innehold ei blanding av presentasjonar frå industrien og frå akademia.

Målet er å styrkja det norske havvindmiljøet gjennom kunnskapsdeling og nettverksbygging. Målgruppa for SMI 2016 var bedrifter som arbeider innanfor havvind eller som vurderer havvind, forskrarar og studentar som tek energimasteren ved UiB/Hib.

Det var 91 påmelde, av desse var det 14 studentar ved UiB og 39 personar frå privat næringsliv. Resten kom frå forskingsinstitusjonar, interesseorganisasjonar og offentleg forvalting. Vi er godt nøgde med deltakarlista. Det var ei god blanding av folk frå næringsliv, forvalting og akademia, ikkje minst er vi nøgde med at så mange masterstudentar frå UiB deltok. Deltakarlista ligg ved.

Konferansen har vorte arrangert av NORCOWE i samarbeid ulike aktørar sidan 2012. I år var GCE Subsea, NCE Maritime Cleantech og Bergen Næringsråd samarbeidspartnarar. Hordaland fylkeskommune støtta arrangementet med 100 000 kroner. Dette dekte direkteutgiftene til konferansen i tillegg til noko av planleggingsarbeidet.

Presentasjonane er lagt ut på NORCOWE sine internetsider. Nettsida med presentasjonane har vore godt besøkt, så langt har vi hatt ca 250 besøk på denne sida. Det kjem tydeleg fram at Hordaland fylkeskommune var sponsor for arrangementet. Vi ser det som positivt dersom fylkeskommunen ynskjer å bruka material frå SMI Bergen 2016 i sitt eige informasjonsarbeid.

Science Meets Industry Bergen er no eit godt innarbeidd arrangement i havvindmiljøet i Norge. Vi har lukkast med å skapa ein møteplass for akademia og næringsliv. Vi har arbeidd medvite med å dekkja aktuelle tema frå havvind-industrien og få presentasjonar frå aktørar som sjeldan er eksponerte på store, kommersielle konferansar. Målet har vore at SMI Bergen skal tilføra noko nytt og vi meiner vi har lukkast med det.

Visiting address
NORCOWE
Fantoftvegen 38
Fantoft

Postal address
NORCOWE
c/o Christian Michelsen Research AS
P.Box 6031
NO-5892 Bergen, Norway

Telephone: +47 55 57 40 40
Telefax: +47 55 57 40 41
www.norcowe.no

GCE Subsea og NCE Maritime Cleantech kom inn som nye samarbeidspartnalar til SMI Bergen 2016. Dei deltok i prorgamarbeidet og bidrog dermed til å få inn nye firma til å gje presentasjonar. Dei gav eit breiare nedslagsfelt innanfor næringslivet, noko vi klart såg på deltakarlista.

Dette samarbeidet er også viktig med tanke på ei vidareføring av SMI Bergen, sidan NORCOWE sin status som FME-senter tek slutt 31. mars 2017. Det er ein klar vilje til å vidareføra SMI Bergen også i 2017.

Vi takkar Hordaland fylkeskommune for godt samarbeid om SMI Bergen 2016!

Venleg helsing



Kristin Guldbrandsen Frøysa

Direktør NORCOWE

kristin@cmr.no